

Møyfrid Kristoffersen rodeleiari for TV-aksjonen

01.10.2008



TV-aksjonen i Kvinnherad blir leia av Monika Solheim, Anniken Kjeka, Synnøve Solbakken og Sissel Aarseth (Foto: Kvinnheringen)

**TV-aksjonen i år går 19. oktober og i Uskedalen var det ifjor i aksjon 14 bøsseberarar, for å få god dekning. SPAR stilte opp med seks av dei.**

**Møyfrid Kristoffersen er i år utpeika til ny rodeleiari.**

**Kjell Yri har sagt nei til å stilla opp att etter fleire års teneste,**



Her i bygda vart det i fjor samla inn 33.426 kroner eller 33 kroner frå kvar innbyggjarar. Men det var ein nedgong frå 2006, då resultatet låg rundt 36.000.

Møyfrid Kristoffersen er ny rodeleiari for TV-aksjonen i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aksjonen går dette året til inntekt for Blå Kors sitt arbeid for born med rusproblem i Ukraina, Sør-Afrika, India og Brasil utanlands og familierelaterte hjelpetiltak her i landet.

Det er et sorgjeleg faktum at også her i Noreg lever veldig mange born med rusproblem i familien. Alkohol, medikament og narkotika påverkar personlegdomen vår og born er svært sensitive i høve til endringar dei opplever som følger av dette.

Dette er eit svært vanskeleg tema og eitt av dei få tabua vi har i samfunnet vårt. Vi må bli meir bevisste på det ansvaret vi har som vaksne og nokon må tala barna sin sak. TV-aksjonen skal sørge for at fleire av desse barna får ein betre oppvekst og eit betre utgangspunkt for vaksenlivet.

Dette strekar kommunekomiteen i Kvinnherad kraftig under når dei orienterer om bakgrunnen for TV-aksjonen 2008. I komiteen sit Monika Solheim, Anniken Kjeka, Synnøve Solbakken og Sissel Aarseth og dei oppmodar alle til å bli bøsseberarar ved å ringa 02025.

- Aksjonen vil bidra til at fleire barn får mogelegheit til berre å vera born, held komiteen fram.

Kva er så Blå Kors? Det er ein felleskristen avhaldsorganisasjon som sameinar frivilig innsats på rusfeltet med

profesjonell behandling. Organisasjonen har 2.500 medlemmar. I tillegg til førebyggjande og haldningsskapande arbeid driv Blå Kors 34 diakonale verksemder i 12 fylker og over 900 har sitt daglege arbeid i organisasjonen.

Den skal etablera og vidareutvikla ei rekke tiltak for menneske med rusrelaterte problem, som rehabiliteringstiltak, oppfølging, bu- og omsorgstiltak, trening og attføring, avrusing, krisesentra og vidaregåande skular.

Møyfrid Kristoffersen ber om at dei som vil bli bøsseberarar ringjar 90 60 65 17 eller 53 48 61 12.

Av Ola Matti Mathisen